

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 15.05.2020
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Helse Bergen HF - Avtale om grunnerverv**

ARKIVSAK: 2020/437
STYRESAK: **075/20**

STYREMØTE: **20.05. 2020**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til avtale om grunnerverv mellom Helse Bergen HF og Bergen kommune for del av eiedomen gnr. 162 bnr. 913 i Bergen kommune.
2. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF, for formelt å vedta overdraginga, jf. lov om helseføretak § 31.

Oppsummering

Helse Bergen har motteke ein førespurnad frå Bergen kommune som ønskjer å erverve ein del av ein eigedom tilhøyrande Helse Bergen.

Bakgrunnen for førespurnaden, er at kommunen vil etablere fortau langs Jonas Lies veg 59 og 61 utanfor Hunstad barnehage og Haukeland hotell.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til at arealet blir overdratt til Bergen kommune.

Fakta

Bergen kommune har bestemt at det skal etablerast fortau på Helse Bergen sin eigedom langs Jonas Lies veg frå gangveg som kjem opp frå Hunstadsvingen og bort til innkøyringa ved Haukeland hotell, jf. Illustrasjon i vedlegg 1.

Det er utarbeidd ein avtale som omfattar eit midlertidig og eit permanent erverv av grunneigedom. Kompensasjon for ervervet er avtalt til kr. 15.000,-.

Det midlertidige ervervet gjeld under sjølve anleggsfasen av fortauet. Når fortauet er ferdig opparbeidd, vil dette arealet bli tilbakeført til Helse Bergen.

Det permanente ervervet gjeld areal Bergen kommune treng for å kunne etablere fortau og utgjør 150,5 m² av eigedomen gnr. 162 bnr. 913 i Bergen kommune.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Styret i Helse Bergen HF behandla saka i styremøte 6. mai 2020, sak 43/20. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

Styret i Helse Bergen vedtar inngåing av avtale om grunnerverv med Bergen kommune.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til avtale om grunnerverv mellom Helse Bergen HF og Bergen kommune for del av eigedomen gnr. 162 bnr. 913 i Bergen kommune.